



**MAIKULDE:** Snøen har teke over for blomstringa i plomehagen til Per Jakob Kyrkjeeide på Svarstad.

## – Ingen dramatik for frukthausten

Biene får vel fortent kvile etter travle dagar i april, og så langt har ikkje maikulden skapt dramatik for frukt- og bærhausten.

– Vi kan ikkje sjå at snø og temperatur ned mot null har gjort skade, seier Svein Kvame ved Innvik Fruktagler.

– Snøen har ikkje ført til brotne greiner i frukthagane og heller ikkje i bringebærhagane. Det bør og gå bra med så vidt under null, slik det har vore.

Når det først skal vere eit veromslag så er det ein føremun at det kjem nedbør. Då blir det ikkje så kaldt.

– Biene har hatt gode vilkår i april, og for epla kan det faktisk


vere ein føremun at det blir ein liten stogg i utviklinga. Dei var komne svært langt på grunn av varmen i april, seier han.

### Maikulde.....

«- Mai kulde gjør bondens lader fulle», heiter det frå gammalt av, og nedbøren siste dagane har vore ei velsigning for grasproduksjonen. Det var i ferd med å bli altfor turt, og kraftig nedbør har også redusert faren for skogbrann.

At nedbøren har kome som snø i staden for regn mange stader, vert rekna som det aller beste med tanke på gode grasavlingar ved at jorda tek til seg meir vete.

**INGE FÆNN**  
redaksjon@fjordingen.no



**MAI KOM MED SNØ:** Så langt har ikkje maikulden skapt dramatik for frukt- og bærhausten.



**KVINNENE STYRER:** Vi ser frå venstre den nyvalde leiaren i Norges Fjordhestlag Hege Sæther Moen, leiar i Nordfjord Fjordhestlag, Ann-Karin Høgalmen og leiar for Fjord Horse International, Jenny Wright Johnsen.

# Kvinnene tek taumane i fjordhestlaga

Det er kvinner ved roret både lokalt og sentralt i Fjordhestorganisasjonane, og 32 av dei 42 hingsane som vart viste på Nordfjordeid laurdag, vart vist av kvinner.

Arbeidet med fjordhest har vore mannsdominert, men kvinnene har teke meir og meir over i leiinga.

– Det kan ha samanheng med overgangen frå brukshest i det daglege arbeidet til meir hobby, trur den nyvalde leiaren i Norges Fjordhestlag, Hege Sæther Moen frå Surnadal. Ho er likevel oppteken av at det må vere menn i miljøet. Alle ressurspersonar må setjast inn i arbeidet med å sikre framtida til fjordhesten, seier ho.

– Det blir bedekt altfor lite merrar. Det talet må opp, meiner Sæther Moen.

Den nyvalde leiaren er frå Kirkenes, men busett i Surnadal. Ho har fjordingar sjølv.

– Eg har ikkje vore på utstilling i Stryn sidan 2000. Då kjøpte eg Bentelin hjå Odd Drageset, fortel Moen, og ser fram til nye utstillingsdagar i august.

Ei av målsetjingane hennar er å knytte tettare band mellom dei som satsar på avl og dei som er opptekne av bruk.

– Eg trur også det vil vere klokt å knytte tettare band til



**LETT PÅ FOTEN:** Almas Blink til Dan Ole Alme tevla om toppen i toårsklassen.

Rytterforbundet med tanke både på konkurransar og tilrettelegging.

Sjølv om talet på føl kunne vore mykje betre er det ikkje tvil om at det er interesse for fjordhesten både i Norge og i utlandet.

### Stor interesse

Til fjordhestveka på Nordfjordeid kom det representantar frå ti ulike nasjonar. Dei mest langvegsfarande kom frå USA. Fleire land var ute for å handle, men det er ein ny trend at eigarane ynskjer å leige ut hingstane i staden for sal.

Det møtte berre fire hingstar i show-klassen for fireåringar, men det var toppdyr som truleg vil kjempe om beste plassa-

ne i kvalitetsoppstillinga neste år, om alt utviklar seg normalt.

Det blir også fortalt om ein svært god åringsklasse på unghestsjået i Breim. Det lovar godt for framtida.

Under jubileumsmarkeringa var det også tid til nostalgi. Steinar Hilde i Filmdigitalisering hadde sydd saman ein film etter opptak frå Olav Karstad og Isak Myklebust. Filmen samla fullt hus, og folk nikka atkjennande etter kvart som «gamlekarane» og hingstane deira dukka fram på filmduken.

Filmen skal visast på nytt i samband med utstillinga i Stryn i august.

**INGE FÆNN**  
redaksjon@fjordingen.no